



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 04.12.2015

Vår ref.: 2015/2962-10

Saksbehandlar: elibjor

Dykkar ref.: «REF»

## Underretning om vedtak. Utgreiing om nye fellesstenester for fotografi

Fylkestinget vedtok handlingsprogram for museum 2015 på møte den 10. mars i år, sak PS 20/2015.

I Kultur- og ressursutvalet sitt møte 15. 04. 2015, sak PS 51/2015, vart museumsplanmidlar fordelt på institusjon, med unntak av løyving på 150 000 kr til *tiltak 17 Utgreiing av nye fellesstenester for fotografi*.

I samsvar med handlingsprogrammet for 2015, har Utval for Kultur, idrett og regional utvikling gjort følgjande vedtak på møte 11.11. 2015:

I politisk sak PS 171/2015 Utgreiing av nye fellesstenester for fotografi, er 150 000 kr av museumsplanmidlar tildelt

Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene.

Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene, får ansvar for å koordinere og gjennomføre arbeidet med utgreiing av nye fellesstenester for fotografi.

### Grunngjeving

1. Tildeling av midlar til tiltak i museumsplanen er gjort direkte som ledd i gjennomføringa av handlingsprogram for musea. Den bygger på prioriteringane i Museumsplanen 2011-2015, som vart ført vidare i vedtaket av 10.03.2015.
2. I Kultur- og ressursutvalet sitt møte 15. 04. 2015 vart museumsplanmidlar fordelt på institusjon, med unntak av tiltak 17. Grunngjevinga var at oppdraget må konkretiserast og retningsliner utarbeidast. I sak PS 171/2015 vart oppdraget konkretisert og føresetnadene for gjennomføring av prosjektet utforma. Oppdraget må utførast i samsvar med innhaldet i sak 171/2015.

Saksinformasjon er tilgjengeleg på Hordaland fylkeskommune si heimeside under politiske saker, Fylkestinget 10. mars [PS 20/2015](#), Kultur- og ressursutvalet 15. april [PS 51/2015](#), Utval for Kultur, idrett og regional utvikling 11. november [PS 171/2015](#)

## **Utbetaling**

Tilskota vil bli utbetalt dykkar konto med kr. 150 000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## **Føresetnader for tilsegnet**

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føremål, innhold og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden.
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnd under.
- Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

## **Rapportering**

Rapport og rekneskap, signert av prosjektansvarleg, sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Rapporten skal minst innehalde desse punkta: Utgreiing om gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd, peike på eventuelle avvik og grunngje desse, informere om eventuell vidareføring.

Tilsegnsmottakar skal sjølv varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

## **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

## **Brot på vilkåra**

Dersom det ligg føre brot på vilkåra for tildelinga eller reglar om rapportering/rekneskap og kontroll kan vedtaket om tildeling bli gjort om, med krav om heil eller delvis tilbakebetaling av tildelte midlar.

## **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Inger Lena Gåsemyr  
fung. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*